




HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 3, 20. januar 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Ny professor ved HVO

[Ellen Lexerød Hovlid](#), AMF, har fått personleg opprykk frå førsteamanuensis til professor i medierett. Hovlid (fødd 1981) har vore stipendiat ved Høgskulen i Volda og [disputerte ved Universitetet i Bergen i 2014](#). Ho har også vore professorstipendiat ved Høgskulen i Volda og har publisert ei rekke fag- og lærebøker, vitskaplege artiklar og populærvitenskaplege bidrag om medierettslege og andre spørsmål.

[LES MEIR](#)

Lettar på koronatiltaka

Studentane ved Høgskulen i Volda vil frå 1. februar få meir fysisk undervisning i tråd med at dei nasjonale restriksjonane har vorte letta. For samlingsbaserte studium blir det digital undervisning ut februar. Tilsette skal framleis arbeide heimanfrå så sant det er praktisk mogeleg.

[LES MEIR](#)



Strategiplan
for Høgskulen i Volda
2022-2029

Ny strategiplan

Høgskulestyret vedtok strategiplanen for 2022-2030 i styremøtet i desember, og no har strategiplanen fått eit kjekt grafisk design og er lagt ut på [nettida vår under "Styringsdokument"](#). Våren 2022 skal det lagast handlingsplanar ut frå strategiplanen.

[LES MEIR](#)

Eksamens



Eksamener våren 2022: Mest digitalt

Det blir få eller ingen skriftlege skuleeksamenar ved Høgskulen i Volda våren 2022. Skriftlege eksamenar skal i utgangspunktet gjennomførast som digitale heimeeksamenar, men det kan bli unntak på somme eksamenar. Praktiske eksamenar blir gjennomført som planlagt. For munnlege eksamenar vurderer fagmiljøa om det blir fysisk eller digital eksamensform.

[LES MEIR](#)

Studium og studentliv:

Nytt student-boyband Volda? Sjekk dei på Student-TV

2000-talets boyband gjenoppstår forsøksvik på Student-TV i Volda i form av ein musikkvideo som i hovudsak handlar om kor vanskeleg det er å gjere comeback med boyband-stilen. Førebels. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Ski og skøyter til gratis lån hos BUA i Volda kommune

Utlånssentralen BUA (BARN-UNGE-AKTIVITET) er ein ideell organisasjon som jobbar for at barn og unge skal få prøve fleire og meir varierte aktivitetar. I haust blei BUA Volda rangert til fjerdeplass på utlånstoppen nasjonalt for mellomstore kommunar. Hos BUA kan barn og unge - inkludert studentar - få låne komplett skiutstyr, varme og vindtette klede, skøyter, syklar, soveposar, kajakkar (krev våtkort) og mykje anna. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Internasjonal dag 9. februar blir digital

Internasjonal dag 2022 blir på nett. Utvekslingsmessa som normalt vert arrangert fysisk i BK-kantina vert i staden på Zoom onsdag 9. februar 11:00-16:00. Dette gjer det likevel mogleg å presentere fleire av høgskulens partneruniversitet i utlandet, også dei som ikkje så lett kan reise til Volda. Detaljert program og Zoom-lenker vert lagt ut på nettsidene til Internasjonal dag på førehand. Informasjon om [internasjonal dag på norsk](#) og [på engelsk](#).

Rekordmange internasjonale studentar

HVO har teke i mot rekordmange innreisande utvekslingsstudentar både hausten 2021 og våren 2022. Hausten 2021 var det nær 100 innreisande studentar og våren 2022 er det per dags dato 77 internasjonale studentar som har valt HVO. Dei innreisande utvekslingsstudentane, saman med andre internasjonale studentar på Norsk for internasjonale studentar (NIS) og Master in Media Practices (MMP) m.m. er viktige bidragsytarar til aktivitet og liv på høgskuleområdet og til studentmiljøet generelt. Internasjonalt kontor oppmodar fagmiljøa til å ta kontakt om det er aktuelt å bruke internasjonale studentar i undervisninga eller nytte dei som ressurs i andre samanhengar. [Les også omtale av studentutveksling i nettavis Krono](#).

Støtte til utvikling av engelskspråklege emne - søknadsfrist 10. mars

Internasjonalt utval har midlar til utvikling av engelskspråklege emne ved HVO. Utvalet kan tildele opp til kr 75.000 for utvikling av emne på 15 studiepoeng og det er totalt kr. 150.000 tilgjengeleg for 2022. Søknadsfristen er sett til 10. mars 2022. Det er mogleg å søkje om støtte til emne på ulike stadie i utviklingsprosessen, men det er eit krav for tildelinga at emnet er eller vert godkjent utvikla av Utdanningsutvalet og at søknaden er støtta av dekan på avdelinga.

For meir informasjon [ta kontakt med Internasjonalt kontor](#).

Høgskulen i Voldas engelskspråklege emne våren 2022

Våren 2022 tilbyr Høgskulen i Volda [over 20 engelskspråklege emne](#) på ulike nivå og på alle avdelingar. Flest tilbod er det på Avdeling for mediefag og på Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. For dei som vil ta ein heil grad på engelsk tilbyr Høgskulen i Volda [Master in Media Practices](#).

Fag og forsking:

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på www.hivolda.no.

Forskarskular: Høgskulen i Volda samarbeider om fleire nye forskarskular

Høgskulen i Volda har samarbeida med andre institusjonar i søknader om å etablere forskarskular, og to av søknadene har vunne fram i konkurransen i Forskingsrådet. Den eine forskarskulen heiter [PROFRES](#) (Profesjonsretta og praksisnær forsking på områda helse, velferd og utdanning) og er koordinert av Universitetet i Stavanger. På Høgskulen i Volda er institutt for sosialfag på ASH samarbeidspart i forskarskulen. Den andre forskarskulen er innan matematikkdidaktikk og er koordinert av [Universitetet i Agder: "Norwegian Graduate School in Mathematics and Science Education"](#). Institutt for realfag ved AHL er samarbeidspart for Høgskulen i Volda. [Les meir om forskarskulane på nettsidene til Forskingsrådet](#). Frå før er Høgskulen i Volda med [i fleire andre forskarskular - sjå oversyn på nettsidene våre](#).

Kristine Vaadal disputerer 11. mars

[Høgskulektor Kristine Vaadal](#), ASH, har fått godkjent avhandlinga si og disputerer ved Høgskulen i Volda fredag 11. mars innanfor [Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde sitt felles doktorgradsprogram i helse- og sosialfag](#). Vaadal har som stipendiat ved Høgskulen i Volda arbeidd med eit doktorgradsprosjekt med arbeidstittelen "Unge kvinner og alkohol i likestilte Norge - Spiller kjønn noen rolle?".

Skal forske på plikt til å avverge partnarvald

Forskinsprosjektet MANREPORT (Mandatory Reporting of Intimate Partner Violence) blir leia av [professor Kjartan Leer-Salvesen](#) ved Høgskulen i Volda, Avdeling for samfunnsfag og historie. Forskarane i prosjektet arbeider blant for å finne ut om fleire partnardrap kunne vorte avverga. Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mello forskrarar ved Høgskulen i Volda, Høgskolen i Molde (HiM), Politihøgskolen, og Oslo universitetssykehus (OUS). [Les meir prosjektet på nettsidene våre](#).

10 ledige stillingar ved Høgskulen i Volda

Høgskulen i Volda har for tida lyst ut meir enn 10 ledige stillingar på mange av høgskulens arbeidsområde: Pedagogikk, leiing, mediefag, digital kompetanse/programmering, IT-teknikar, foto/video-lærar og fleire rådgivarstillingar. Les meir på nettsidene våre:
<https://www.hivolda.no/stilling>

Forskinsutvalet: Ola Teige nytt medlem

[Førsteamanuensis Ola Teige](#) har vorte peika ut som nytt fast medlem av Forskingsutvalet som representant for fagleg tilsette på Avdeling for samfunnsfag og historie. Han går inn i staden for Margit Ystanes som har slutta ved Høgskulen i Volda. [Her er sakspapir og oversyn over medlemmer](#) [Forskningsutvalet ved Høgskulen i Volda.](#)

Såkornmidlar: Søknadsfrist 1. februar

Forskingssjef Henriette Hafsaas har på vegne av Forskningsutvalet [lyst ut kr 900.000 i Såkornmidlar for 2022, og søknadsfristen er 1. februar](#). Søknader som tek mål av seg til å utvikle søknader til Forskningsrådet eller Horisont Europa (EU-forsking) vert prioriterte.



Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver,

forskningsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her](#).

Bjørn Kjetil Larsen har publisert i "International Journal of Prisoner Health"

Stipendiat [Bjørn Kjetil Larsen](#), ASH, har publisert artikkelen «[Exploring interprofessional collaboration in the field of criminal justice in Norway- A mixed methods study of prisoners' reintegration after prison](#)» i tidsskriftet International Journal of Prisoner Health. Dette var den fjerde artikkelen Larsen har publisert i samband med arbeidet som doktorgradsstudent.

Jordal i Agendamagasin - og på podcast

Stipendiat Maiken Marie Jordal, ASH, har publisert to debattinnlegg i Agendamagasin: "[Skolerevolusjon - nå!](#)" (11. januar) og "[Det ugyldige omsorgsdilemmaet](#)" (19. januar). I tillegg har også bidrige i [podcasten til Cappelen Damm "Rekk opp hånda"](#), med ein episode med tittelen: "Mangfoldsrevolusjon i skolen nå!". [Podcasten er også tilgjengeleg på Spotify](#).

Nedregotten Strand i NOKUT-podcast: "Den om innovasjonspedagogikk"

Stipendiat [Rebecca Nedregotten Strand](#), AMF, har saman med [professor Lars Nyre](#), UiB, bidrige i NOKUTs podcast og foralt om korleis dei brukar innovasjonspedagogikk i undervisning og forsking.

Henrik G. Bastiansen i Aftenposten: 40 år sidan NRK-monopolet fall

Professor Henrik G. Bastiansen, AMF, har vorte intervjua av magasinet Aftenposten Historie i samband med at det no har gått 40 år sidan NRKs kringkastingsmonopol vart avløyst av konkurransen i kanalane. Artikkelen har tittelen "[Den norske TV-revolusjonen](#)" (+-sak).

Henrik G. Bastiansen i Klassekampen: "Et dilemma for statskanalen"

Professor Henrik G. Bastiansen, AMF, har vorte intervjua av Klassekampen i samband med ein omtale av at mange kjende NRK-profiler ikkje er tilsette i NRK, og med Anne Lindmo som framheva døme: "[Har vært innleid i 28 år](#)". Bastiansen kjem til orde i artikkelen "Et dilemma for statskanalen" (+-sak), som [HVO-tilsette kan lese via A-tekst/Retriever](#).

 <p>Oddvar Aalde STIPENDIAT Stipendiatur Send e-post</p>	 <p>Niklas Vartdal Aam DRIFTSTEKNIKAR Eigedom Send e-post</p>	 <p>Anders Aanes HØGSKULELEKTOR Institutt for språk og litteratur Send e-post</p>
 <p>Terje Inge Aarset PROFESSOR Institutt for språk og litteratur Send e-post</p>	 <p>Ellen Synnøve Aarseth HØGSKULELEKTOR Institutt for sosialfag Send e-post</p>	 <p>Marit Holstad Aarsæther RÅDGJEVAR Studieadministrasjonen Send e-post</p>
 <p>Hanne Aasebø RÅDGJEVAR Personal- og dokumentforvaltning Send e-post</p>	 <p>Borghild Otelie Aasebøstøl HØGSKULELEKTOR Drama og teater Send e-post</p>	 <p>Bente Mari Afset FØRSTELEKTOR Institutt for religion, livssyn og kyrkjefag Send e-post</p>
 <p>Tone Kristin Aker RÅDGJEVAR Administrasjon Send e-post</p>	 <p>Marit Aklestad ORGANISASJONSKONSULENT Studieadministrasjonen Send e-post</p>	 <p>Lea Kristin Albertsen Kommunikasjon Send e-post</p>

Ledige stillingar:

[Ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

Ledige stillingar som førsteamanuensis/førstelektor i pedagogikk - søknadsfrist 20. januar 2022

Inntil to ledige stillingar som førsteamanuensis/førstelektor i pedagogikk. Institutt for pedagogikk inkluderer barnehagelærarutdanning, grunnskulelærarutdanning, praktisk-pedagogisk utdanning, rettleiarutdanning og mastergradene i spesialpedagogikk og barnehagekunnskap. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

Ledige stillingar som høgskulelektor i pedagogikk - søknadsfrist 20. januar 2022.

Inntil to mellombelse og ei fast stilling som høgskulelektor i pedagogikk. [Les meir om stillingane og send inn søknad på nettsida vår.](#)

Ledig stilling (50 %) som rådgivar i forskingsadministrasjonen - søknadsfrist 21. januar 2022

Ved Forskingsadministrasjonen er det ledig ei 50% mellombels stilling som forskingsrådgivar frå 1. februar 2022 til 31. desember 2022. Den som vert tilsett vil jobbe som koordinator for to administrative NFR-prosjekt: «Kvinneløftet» og «Deltaking i Horisont Europa». Andre oppgåver kan også vere aktuelle. Stillinga kan verte forlenga, og stillingsprosenten kan verte auka. [Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

Ledig stilling som rådgivar ved grunnskulelærarutdanningane ved AHL - søknadsfrist 24. januar 2022

Arbeidsoppgåver: Utvikle dei nye femårige grunnskulelærarutdanningane på masternivå, tett oppfølging av studentar. Saman med teamet driftet og utvikle desse utdanningane. Teamet vert leia av studieleiar for grunnskulelærarutdanningane. [Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

Rådgivar i digital læring - søknadsfrist 27. januar 2022

Høgskulen i Volda har ledig ei heil fast stilling som rådgivar innan digital læring, med særleg ansvar for utvikling og drift av Læringsverkstaden. Læringsverkstaden er støtteteneste og læringsressurs for digital utvikling og studiekvalitet ved HVO, og støttar fagtilsette og studentar i å vidareutvikle profesjonsfagleg digital kompetanse, studentaktive arbeids- og vurderingsformer, digital didaktikk og arbeidslivsrelevans med bruk av digitale ressursar. Læringsverkstaden tilbyr digitale og fysiske kurs og opplæring knytt til fagspesifikke ressursar og fellessystem ved HVO. Stillinga er plassert i Fellesadministrasjonen. Stillinga er knytt til IT og har IT-sjef som nærmeste overordna. [Les meir om stillinga og send søknad på nettsidene våre.](#)

IT-teknikar - søknadsfrist 27. januar 2022

Ved Høgskulen i Volda er det ledig fast 100% stilling som IT-teknikar frå 1.3.2022. Arbeidsoppgåver vil omfatte brukar- og driftsstøtte til studentar og tilsette. Høgskulen i Volda brukar m.a. Windows 2012/2016/2019 servere, Microsoft 365, Teams, VMware og Linux servere. På nettverk og trådlauast bruker vi Cisco. Stillinga er knytt til IT i Fellesadministrasjonen, som har ansvar for drift av høgskulen sine sentrale IT-løysningar. IT-sjef er nærmeste overordna. [Les meir om stillinga og send søknad på nettsidene våre](#)

Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i digital kompetanse med fokus på programmering - søknadsfrist 27. januar 2022

Stillinga er knytt til Institutt for digital kompetanse der 7 tilsette mellom anna underviser i nettstudium i digital kompetanse, i grunnskulelærarutdanninga samt har stor aktivitet knytt til desentralisert kompetanseutvikling i regionen(DEKOMP/REKOMP). Instituttet får også

etterutdanningsoppdrag og vi forskar på og driv interne høgskulepedagogiske tilbod knytt til digital kompetanse. [Les meir om stillinga og send søknad på nettsidene våre.](#)

Ledig stilling som foto/video-lærar - søknadsfrist 31. januar 2022

Avdeling for mediefag skal tilsette i ledig stilling som foto/video-lærar. Det kan vere aktuelt å tilsette i førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor-stilling og starttidspunkt vert etter avtale. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

Ledig stilling på medieproduksjon - søknadsfrist 31. januar 2022

Avdeling for mediefag skal tilsette i ledig stilling på medieproduksjon. Det kan vere aktuelt å tilsette i førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor-stilling og starttidspunkt vert etter avtale. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

Ledig stilling som professor/dosent/førsteamanuensis/førstelektor i leiing - søknadsfrist 1. februar 2022

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for samfunnsfag og historie, er det ledig fast stilling som professor/dosent/førsteamanuensis/førstelektor i leiing, med planlagt tilsetjing frå 1. august 2022. Stillinga er ved Institutt for planlegging, administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS), og primært ved programma Bachelor i planlegging og administrasjon og Master i samfunnsplanlegging og leiing. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)



Kultur



Idrett

Idrett, musikk, teater m.v. i Volda og Ørsta. Kampar til VSI (Volda Studentidrettslag), handball og volleyball.

Dei fleste arrangement tidleg i 2022 vil på ein eller anna måte verte råka av koronarestriksjonar.

Kinoprogrammet: [Volda filmteater](#) | [Ørsta kino](#) | [Hjørundfjord filmteater](#) (filmklubb)
Arrangement på [Tikkio Volda](#) | [Tikkio Ørsta](#) | [Ticketmaster Volda](#) | [Ticketmaster Ørsta](#)

Idrett, musikk, teater m.v. i Volda og Ørsta. Kampar til VSI (Volda Studentidrettslag), handball og volleyball.

Dei fleste arrangement tidleg i 2022 vil på ein eller anna måte verte råka av koronarestriksjonar.

Kinoprogrammet: [Volda filmteater](#) | [Ørsta kino](#) | [Hjørundfjord filmteater](#) (filmklubb)
Arrangement på [Tikkio Volda](#) | [Tikkio Ørsta](#) | [Ticketmaster Volda](#) | [Ticketmaster Ørsta](#)

20.01.2022: [Status Krenk \(mediedebatt\)](#), Rokken (avlyst)
22.01.2022: Handball, menn: [Volda Studentidrettslag \(VSI\) - Ørsta2](#), Volda Campus Sparebank1 Arena (utsett/avlyst)
23.01.2022: Handball, kvinner: [Volda - Charlottenlund](#), VCA
29.01.2022: Volleyball, kvinner: [KFUM Volda - NTNUI](#), VCA
29.01.2022: Handball, menn: [Ørsta - Sverresborg2](#), Ørstahallen
30.01.2022: Volleyball, kvinner: [KFUM Volda - Tromsø](#), VCA
03.02.2022: [Steinar Raknes & The Stillhouse Band](#), Ørsta kulturhus
05.02.2022: Handball, menn: [Volda studentidrettslag \(VSI\) - Ørsta2](#), Volda Campus Sparebank1 Arena
06.02.2022: Handball, kvinner: [Volda - Randesund](#), VCA
06.02.2022: Handball, menn: [Ørsta - NTNUI](#), Ørstahallen
11.-26.02.2022: [Studentveka](#), Rokken
12.02.2022: Handball, menn: [Ørsta - Kristiansund](#), Ørstahallen
12.-15.02.2022: [VEKA: Studentrevyen](#), Rokken
16.02.2022: [Snøkvit, familiemusikal](#), Ørsta kulturhus
17.02.2022: [VEKA: brenn.](#), Rokken
18.02.2022: [VEKA: Standup med Henrik Fladseth](#), Rokken
23.02.2022: VEKA: Vekakviss, Rokken
24.02.2022: [VEKA: Staysman](#), Rokken
25.02.2022: [VEKA: Fieh](#), Rokken
26.02.2022: Handball, kvinner: [Volda - Nordstrand](#), VCA
27.02.2022: Volleyball, kvinner: [KFUM Volda - Oslo](#), VCA
05.03.2022: Handball, menn: [Volda studentidrettslag \(VSI\)-Stranda](#), Ørstahallen
06.03.2022: Volleyball, menn: [VSI - Sunnfjord](#), VCA
06.03.2022: Volleyball, menn: [VSI - Førde](#), VCA
09.03.2022: [Riksteateret: Trine Rein femti, Feit \(og enda meir\) Bitter](#), Ørsta kulturhus
11.03.2022: Disputas, [Kristine Vaadal](#), HVO
12.03.2022: [Bryggarmeisterskap](#), Ørsta kulturhus
13.03.2022: [Riksteateret: Hedda Gabler](#), Ørsta kulturhus
16.03.2022: Handball, kvinner: [Volda - Fjellhammer](#), VCA

17.03.2022: [Adam Douglas](#), Ørsta kulturhus
19.03.2022: Handball, menn: [Ørsta - Orkanger](#), Ørstahallen
25.03.2022: [Peppa pig live!](#), Ørsta kulturhus
27.03.2022: Volleyball, menn: [VSI - Breimsbygda](#), Honndalshallen
27.03.2022: Volleyball, menn: [VSI - Studentsprett](#), Honndalshallen
31.03.-03.04.2022: [X2-festivalen](#), Volda/Ørsta
01.-03.04.2022: [NM Volleyball, U15](#), VCA
15.04.2021: [Pastor Rex](#), Fugl Føniks
03.05.2021: [Jo mere vi er sammen \(Teateret Vårt\)](#), Ørsta kulturhus
20.05.2022: [Rotlaus](#), Rokken
09.-12.6.2022: Dei nynorske festspela
09.09.2022: [Honningbarna](#), Rokken
10.10.2022: [The magic of Alexx Alessander](#), Ørsta kulturhus
13.10.2022: [Astrid S](#), Rokken
23.10.2022: [Tvillingene \(Teateret Vårt\)](#), Ørsta kulturhus
09.11.2022: [Puls \(Teateret vårt\)](#), Ørsta kulturhus

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Fleire av dei aktuelle møta og arrangementa kan bli formidla via video.

Vårsemesteret 2022:

2.2.2022: Allmøte om ny ph.d., Store BK (kl 13.30-16.00) (Videomøte)
9.2.2022: [Internasjonal dag](#), Berte Kanutte-huset (digitalt arrangement)
10.-11.2.2022: Strategiseminar: Handlingsplan - rektors leiargruppe ("Dekanmøtet")
[16.2.2022: Utdanningsutvalet](#)
[17.2.2022: Forskningsutvalet](#)
17.2.2022: HMS-dag
3.3.2022: [Høgskulestyret](#)
17.-18.3.2022: Studietur for rektors leiargruppe ("Dekanmøtet") Besøk hos UiB og HVL
24.-25.3.2022: Avd.seminar ASH
[31.3.-1.4.2022: Jubileumsmarkering: Sosialfag 50 år](#)
19.-20.4.2022: Personalseminar AKF
[20.4.2022: Utdanningsutvalet](#)
[21.4.2022: Forskningsutvalet](#)
[22.4.2022: 50-års jubileum for Avdeling for mediefag](#)
25.4.-1.5.2022: [The Northwest](#), Ålesund
4.-8.5.2022: [European Conference on Science and Theology \(ECST XIX\)](#) (Ålesund)
[5.5.2022: Høgskulestyret](#)
17.5.2022: 17.mai-feiring. Faneberar: AKF
[1.6.2022: Utdanningsutvalet](#)
[2.6.2022: Forskningsutvalet](#)

2.-3.6.2022: Avdelingsseminar AMF
16.-17.6.2022: [Fjordkonferansen 2022](#), Loen
16.6.2022: [Høgskulestyret](#)
17.6.2022: Sommaravslutning AMF
20.6.2022: Sommaravslutning ASH

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA
<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)
[Twitter](#)
[Instagram](#)
[Youtube](#)
[HVO-bloggar](#)
[Nynorsksenterets blogg](#).
[Løpende oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)
[Studentradioen](#)
[Radio Volda](#)
[Nærsynet](#)
[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda



Tlf: [70075000](#)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)

[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)